

**Fra:** Even Andreas Olsvoll <evenandreasolvoll@gmail.com>  
**Sendt:** torsdag 17. november 2022 20:27  
**Til:** Are Frøysland Grande; Knut Henanger; Postmottak Alver  
**Kopi:** Josep Gayrbekov  
**Emne:** Re: Tilbakemelding på spørsmål knytt til dokumentasjonskrav for byggesak på gbnr 339/45  
**Vedlegg:** Kantvegetasjon elv Gaustad.jpg; Situasjonsplan avstand til elv..pdf; Prinsippskisse sidebekk.pdf

Hei

Viser til telefonsamtale tidligere idag. Vedlagt og i denne mail er bilder som viser avstand fra tiltaket til elva som etterspurt.

Eg ønsker at det skal handsamast som ein del av søknaden vedrørende kantvegetasjons problematikken.

Vedlagt er bilder som viser omfanget av tiltaket. Gul språymaling er plassering av utside grunnmur for garasje. Har også lagt ved bilde av målebånd som viser avstand til elva.





Gul stipla linje viser plassering av grunnmur for garasje.



Målebånd fom viser 4 m avstand fra kant elv til grunnmur garasje.



Kantvegetasjon som vil stå uberørt etter ferdigstilling av garasje



Målebånd fra kant elv til tiltenkt plassering av grunnmur garasje.

### **Utgreiing vedrørende sidebekk.**

Utdrag fra statsforvalteren Uttale - Alver - 339/45 - Gaustad Datert 12.09.2022

*"På kartet er det avmerka ei sidebekk som går rett igjennom tiltaket. Vi kan ikkje sjå at det er opplyst korleis ein skal handtere dette."*

Ser det er tegnet inn en sidebekk på kartet. Denne er ikkje synlig fra overflaten. Ved store nedbørsmengder renner det noe vann som kommer ned i ene hjørnet på tiltenkt garasje. Planen er og legge et Ø 200MM dreneringsrør med fall i til fyllingen inntil betongveggene til garasjen. Dette er for og lede eventuelt vann ovenfra vekk fra grunnmuren til Tiltaket/Garasjen. Det vil ellers tilfylles inntil grunnmur med drenerende rene masser. (Singel)

Det er også planlagt å sette ned en sandfangkum på oppsiden av tiltaket med dreneringsrør som leder eventuelt overvann ned i kum 3 stk Ø 75 dreneringsrør. Med et utløp fra kum Ø 200

dreneringsrør på oppsiden av garasje for og lede vekk eventuelt overvann vekk fra tiltaket/garasjen. (Se vedlagt skisse).

Viser også til link til Alver kommune sin innsyns side vedrørende innsendt info og bildedokumentasjon vedrørende kantvegetasjon:

[https://innsyn.sing.no/alver/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=journalpost\\_detaljer&journalpostid=2021167523&](https://innsyn.sing.no/alver/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2021167523&)

[https://innsyn.sing.no/alver/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak\\_detaljer&arkivsakid=2021010652&](https://innsyn.sing.no/alver/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=2021010652&)

Mvh  
Even Olsvoll  
Eiger [G.NR 339](#) [B.NR 45](#)

tor. 17. nov. 2022 kl. 13:23 skrev Are Frøysland Grande <[are.froysland.grande@alver.kommune.no](mailto:are.froysland.grande@alver.kommune.no)>:

Hei,

Beklagar sein tilbakemelding.

Føremålet med å ta kontakt med NVE var for å avklare om dei hadde ein enkel rettleiar som kunne forklare dette i korte trekk. Det hadde dei dessverre ikkje, men dei synte vidare til aktuelt materiale på sine heimesider. Det er også tilgjengeleg materiale på DIBK.

Linkane var;

<https://www.nve.no/naturfare/utredning-av-naturfare/om-kart-og-kartlegging-av-naturfare/om-kartlegging-av-flaumfare/aktsomhetskart-for-flom/>

[NVE Retningslinjer 2/2011: Flaum- og skredfare i arealplanar \(rev. 22. mai 2014\)](#)

[Hvordan bestille en skredfareutredning - NVE](#)

[Veileder - Sikkerhet mot skred i bratt terreng - Kartlegging av skredfare i reguleringsplan og byggesak \(nve.no\)](#)

DIBK

<https://dibk.no/saksbehandling-tilsyn-og-kontroll/utbygging-i-fareomrade-n/1.-klimaendringar/>

<https://dibk.no/regelverk/byggteknisk-forskrift-tek17/7/7-2/>

### ***Kantvegetasjon***

Kommunen er ikkje forvaltningsmynde etter vassressurslova §11. Statsforvaltaren opplyse i si uttale datert 12.09. at

*«Det er ikkje opplyst kor nærme tiltaket vil vera vassdraget, og om det vil medføre fjerning av kantvegetasjon. [...] Vi minner om at kantvegetasjon ikkje kan fjernast utan løyve frå Statsforvaltaren [...]»*

I hovudsak har kantvegetasjonen to føremål som går på å sikre biologisk liv i og rundt elva og fungere som erosjonssikring. For eksempel er det ikkje lov å fjerne trær eller anna vegetasjon rundt eit vassdrag utan løyve. Sjå her for meir informasjon;

<https://www.statsforvalteren.no/vestland/miljo-og-klima/vatn/kantvegetasjon-langs-vassdrag/>

Det er satt, som du er inne på, ei byggegrense på 50 meter knytt til vassdraget. Kommunen kan gje dispensasjon frå byggegrensa, men kan ikkje gje løyve til fjerning av vegetasjon. I mange tilfelle sett kommunen vilkår direkte i løyve, der Statsforvaltaren har nok grunnlag for å uttale seg, slik at ein unngår å måtte handsame det etter vassressurslova. I dette tilfelle har ikkje Statsforvaltaren hatt tilstrekkeleg dokumentasjon for å uttale seg i saka. Difor er det komme ein slik tilbakemelding.

Aktuelle inngrep må gå klart fram, ikkje kun plassering av tiltaket etter ferdigstilling. Vi kan enten sende inn ein ny førespurnad til Statsforvaltaren i Vestland, med revidert dokumentasjon frå dykk som syner omfanget, og be om ei avklaring frå Statsforvaltaren i Vestland knytt til kantvegetasjon eller du kan avklare det sjølv. Vi kan då få satt tilstrekkelege vilkår i løyve, slik at det kanskje ikkje er naudsynt med avklaring etter vassressurslova.

Ber om tilbakemelding på om du ynskjer å avklare det direkte med Statsforvaltaren i Vestland eller om du ynskjer at det skal handsamast som ein del av søknaden. Då med oppdatert dokumentasjon for ny høyring til Statsforvaltaren i Vestland.

### **Aktsomheitsområde flaum**

Når kommunen handsamar dispensasjon- og byggesøknader, må kommunen sjå til at det er dokumentert at byggetomta er eller vil bli tilstrekkeleg sikra for naturfare. Krava fylgjer av plan- og bygningslova §§ 28-1 og 29-5 og teknisk forskrift (TEK17), då særleg kapittel 7. På DIBK sine i temarettleiinga «Utbygging i fareområde» kjem det fram fylgjande under kapittel 2.7 knytt til dei generelle reglane;

*«Kommunen skal vurdere forholdet til pbl. § 28-1 som ein del av saksbehandlinga for alle bygge- og delesaker. I søknaden skal søkjar gjere greie for om krava til tryggleik er oppfylte. I potensielle fareområde krevst det faglege kvalifikasjonar for å kartleggje og utgreie kor vidt det ligg føre tilstrekkeleg tryggleik mot naturpåkjenningar.*

*Normalt har ikkje tiltakshavar eller ansvarleg søkjar slik kompetanse. Kompetansen må derfor innhentast og dokumentasjon frå fagkunnig må leggjast ved for at søknaden skal bli fullstendig.»*

NVE svarar i e-post til kommunen at det i NVE rettleiar «Flaum- og skredfare i arealplaner» revidert 22. mai 2014 i kapittel 7.3 (Tilrådd kompetanse for utgreiing av flaum- og skredfare) kjem det fram ei anbefaling av kva som bør krevjast av kompetanse for utgreiing av flaum og skredfare. Her går det blant anna fram;

*«Det finst ikkje noka eiga utdanning som gir kompetanse som fagkyndig flaum- eller skredeskper. Slik kompetanse kan ein oppnå gjennom ein kombinasjon av relevante teoretiske kunnskapar og lang og variert røynsle. Fleire fagområde, ofte i kombinasjon, kan gi slik bakgrunnskompetanse. Nokre relevante fag og kombinasjonar:*

- Flaum: hydraulikk/hydrologi/meteorologi/naturgeografi
- Snøskred: meteorologi/ingeniørgeologi/naturgeografi
- Jord-, stein- og fjellskred: geologi/ingeniørgeologi/geoteknikk
- Kvikkleireskred: geoteknikk

*Dei som er ansvarlege for å utføre faglege vurderingar må vere godt kjende med gjeldande forskrifter, standardar, retningslinjer, rettleiingar og fagnormer som gjeld for det aktuelle arbeidet. Vurderingane må underleggast fagleg kontroll, anten av ein sidemann eller ein uavhengig part (avhengig av faregraden) med tilstrekkeleg kompetanse.*



[...]

*Den faglege kompetansen bør dokumenterast gjennom ei referanseliste som skildrar relevante utførte oppdrag i firmaet/institusjonen dei siste 5 åra. Tilsvarande må kompetansen til den faglege leiaren i firmaet/institusjonen samt nøkkelmedarbeidarar (minst 2 stk. av omsyn til internkontroll) som skal utføre det aktuelle oppdraget, dokumenterast med ein CV. Dei relevante oppdraga som dei har utført må visast. Det bør alltid avtalast kva for faglege standardar, forskrifter, retningslinjer o.a. som gjeld for oppdraget.»*

Plan- og bygningsregelverket stiller ikkje konkrete kvalifikasjonskrav til den fagkunnige, anna enn der det er kravd ansvarsrett for prosjektering. NVE sine rettleiarar gjev god oversikt over kva for kompetanse som er nødvendig for å gjennomføre forsvarlege faglege vurderingar i ulike tilfelle. Regelverket inneheld heller ingen eksplisitte formkrav til dokumentasjonen som skal leggjast ved søknaden for å dokumentere at byggetomta har tilstrekkeleg tryggleik mot naturpåkjenningar.

I denne konkrete saka har ansvarleg søkjar opplyst at det ikkje er naudsynt med vidare utgreiing av faren. Kommunen er ikkje einig i denne vurderinga og syner til uttale frå NVE og Statsforvaltaren i Vestland knytt til manglande kartlegging av naturfare. Når eit område er markert som aktsomheitsområde skal det gjennomførast ei vurdering av området før det vert gjeve løyve.

Kommunen kan derimot ikkje pålegge deg å innhente dokumentasjon som er etterspurt. Derimot har kommunen i det tilfellet at tilstrekkeleg trykkleik ikkje er dokumentert, ei plikt til å avslå søknaden om løyve med heimel i pbl § 28-1. Eit eventuelt avslag har du naturlegvis klagerett på.

Du har naturlegvis moglegheit til å endra plasseringa av prosjektet til utanfor aktsomheitsområde for flaum, og då er det ikkje naudsynt å innhente dokumentasjon som vist over.

Gje oss ei tilbakemelding snarast mogleg kva dykk ynskjer, slik at dykk kjem vidare med prosjektet.

Vennleg helsing

**Are Frøysland Grande** | Avdelingsleiar Plan og byggesak

Telefon: 56 17 11 92

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)



**ALVER**  
KOMMUNE